



Daniel Grimstad Hindenes
Mykingvegen 260
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/7627 - 20/16488

Saksbehandlar:

Astrid Riise

astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:

26.03.2020

Registrert avvik i septiktank - gbnr 121/25

Tiltak: Utbetring septiktank
Byggjestad: Gbnr: 121/25
Tiltakshavar: Daniel Grimstad Hindenes, Jenny Frida Linnea Nordin

Alver kommune har den 20.03.2020 mottatte melding frå NORVA24 AS om at det ved siste tømning den 18.03.2020 vart registrert feil på septiktanken på eigedommen dykkar. Det vart meldt om lågt nivå i tanken og at den ikkje fungerer slik den skal. Lågt nivå kan tyde på lekkasje. Ved lekkasje frå tanken renn avløpsvatn ut i grunnen og forureiner denne. Dette kan føre til at menneske og dyr blir sjuke.

Når det er fare for forureining, skal den ansvarlege for forureininga sørge for tiltak for å hindre at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørge for å stanse, fjerne eller avgrense forureininga, jf. forurensingslova § 7.

Tilstanden må utbetrast. Frist for arbeidet vert sett til seinast innan 30.05.2020.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan påleggje dykk å utbetre forholdet og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova §§ 7 og 73.

Dersom de meiner at opplysningane våre ikkje er rette, eller at det finst andre grunnar til at de ikkje har plikt til å utbetra tilstanden, ber vi om at de tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

For å få utbetre eit avløpsanlegg må de kontakte eit godkjent rørleggarføretak. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan de sjølve utføra arbeidet.

Når lekkasjen er reparert, må de fylle ut vedlagte skjema for utført arbeid og returnere det til kommunen.

Skjema sender de til

- post@alver.kommune.no eller
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug.

Aktuelt regelverk:

- Plikt til å unngå forureining følgjer av forurensingsloven § 7.
- Kommunen kan gje pålegg om retting og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensingslova kapittel 9.

Spørsmål i saka kan rettast til sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på e-post.

Med helsing

Astrid Riise
rådgjevar
Miljø og tilsyn

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tilbakemelding om utført arbeid - Alver kommune

Mottakarar:

Daniel Grimstad Hindenes	Mykingvegen 260	5913	EIKANGERVÅG
Jenny Frida Linnea Nordin	Mykingvegen 260	5913	EIKANGERVÅG